

Styremøte i SFSG på Skei

24.05.2013

Til stades:

Ragnhild Sæle
Lars Nesse
Eva Høydal
Rune Myklebust
Lene Engvik Rasch
Odd Bjarne Bjørdal (til stades under sak 20/13)

11/13: Kva har styremedlemmane delteke på sidan sist:

Ragnhild Sæle: Møte 18.04.13 med Ola Søgnesand, som prosjektleiar for Geit i Vekst, og to representantar for Tine. Må få til ei god avslutning på Geit i vekst. Har og delteke på eit telefonmøte, 16. mai, i arbeidsutvalet i Geit i Vekst. Har vore oppringt av BT, vedrørande den vanskelege våren for sauebøndene.

Rune Myklebust: Møte i geitegruppa 10 mai.

Eva Høydal: Møte i geitegruppa 10 mai.

Lars Nesse: Delteke på skipingsmøte i Sogn gjetarhundlag. Har og vore på møte i rovviltutvalet 23.05. Fire jervar er teke ut i Sogn og fjordane, men det er send søknad til DN om å ta ut fleire. Denne blei avslege, og det er send anke til MD. Sjå under «ymse».

12/13: Resultat/ balanse pr 30.04.13

Styret tek rekneskapet til vitande. Me føresler 05.07 som frist for å levere reiserekninga. Me vil undersøkje om mekan få «budsjett» inn på dei same utskriftene som resultatata. Lene tek kontakt med Mirjam.

13/13: Fagtur

Det blir fagtur til Høyanger sørside helga 15-16 juni i år. Turen startar frå Oppedal kl 12. På programmet står mellom anna besøk i ein rosehage, Ortnevik, kveiteoppdrett, Østerbø maskin, geitebruk på Kringla, kulturlandskapspleie med sau, og Massnes villmarksmuseum. Det kan bli endringar i programmet.

14/13: Søknad om stønad til Sauehald i pluss

Me har ikkje budsjettmidlar til dette i år, men tek det med i vurderinga for budsjett neste år. Lene sender svar.

15/13: Sunnfjord og Ytre Sogn Gjetarhundlag –godkjenning

15/13- Me godkjenner skipinga med vedtektene, godkjent på skipingsmøte 02.03.2013.

16/13 Sak frå Olden beitelag

Olden Beitelag søkte 27.4 om støtte frå Investeringsmidlar til Organisert Beitebruk v Fylkesmannen, for å reparere gjerder skada av orkanen Dagmar. Beitelaget fekk avslag, også anken fekk avslag. Beitelaget prøvde vidare å søkje støtte gjennom Naturskadefondet, men fekk avslag her og. Også denne blei anka.

Styret i SFSG tykkjer dette er urimeleg, og vil sende saka vidare til faglaga i fylket, og NSG sentralt. Me vil be om at dei vurderer regelverket, og om dette bør endrast. Lene sender brev.

17/13 Innspel til kandidatar til rådgivande organ i NSG

Styret har kome med desse innspela:

Avlsråd for sau: Me føresler Rolf Arne Torgersen som ny leiar.

Fagråd for geit: Me føresler Sigurd Vikesland som medlem.

Gjetarhundrådet: Me støtter Møre og Romsdal Sau og Geit sitt innspel.

18/13 Innspel på kandidatar til «Årets matprodusent»

Me har desse forslaga: Kandal kje og kjøtt, og Dagfinn Kvamme (sau). Lars og Eva sender litt info om desse til Lene, som sender vidare til Bondelaget.

19/13 Støtte til 4H fylkesleir i Fresvik

Me går inn for å støtte dei med 500 kr. Lene gjev beskjed til Mirjam Friberg, rekneskapsfører.

20/13 Leiarsamling Fredag 25- søndag 27 oktober 2013 i Sebø

Odd Bjarne Bjørdal frå Møre og Romsdal Sau og Geit var invitert til å vere med oss under denne saka, då me skal ha leiarsamlinga i lag med dei. Det blir mellom anna faglige økter frå nokre av samvirka, innspel til jordbruksforhandlingane, landbruksforsikring, sightsing på fjorden, omvisning på Bjørke kraftstasjon og lokallagas time. Det er 43 rom på hotellet me skal vere på, 5 av dei enkeltrom, og ein campingplass like ved. Me jobbar med å få sponsorar til turen, særleg med tanke på buss, og har allereie fått lovnad frå FK om noko støtte.

21/13 Ymse

-Utkast til forvaltningsplan for rovvilt: Me støtter SF Bondelag sitt innspel. Lars sender mail om dette.

-Mattilsynet jobbar med ny forskrift for bruk av legemidlar til dyr. Dei tek sikte på å sende den ut på høyring i løpet av 2013. Styret i SFSG vil følgje med på dette.

-Filmen: «Helse og velferd i lamminga»: Lokallaga fekk denne filmen og lovnad om 1000 kr. Dei skulle ha to møtekvelder, og levere rapportskjema. Me tykkjer dette var litt uklart formidla, og det kjem meir om dette i infoskrivet som snart skal ut. Ragnhild skal skrive dette.

-Styret vedtek at Lars skal få ei godtgjersle på 2500 kr for arbeidet med årsmeldinga.